



## Årsmøte i Bondeungdomslaget i Oslo

**Onsdag 22. mars 2023 kl. 18.00 i Teatersalen i Rosenkrantz' gate 8, Oslo**

Desse møtte (22 stykk): Åsta Bjerkestrand, Terje Svindseth, Anne Cathrine Johansen, Bård Winther Knudsen, Torbjørn Bergwitz Lauen, Marius Ødegård, Sveinung Helgheim, Karianne Johansen, Tormod Bønes, Arne Nordvi, Olav-Johan Øye, Vigdis Rønning, Håvard Thorsby, Gunvor Skiftun, Astrid Marie Grov, Runhild Heggem, Ole Johan Hildre, Rune Bergwitz, Endre Flatmo, Marius Schneider, Hallvard Øfstaas, Olav Kårevik.

Endre Flatmo gjekk i løpet av sak 5.

For lagskontoret: Maria Ellingsen Austbø og Kari Velure.

### **Sak 1: Opning med konstituering**

Styreleiar Terje Svindseth ønskte velkommen.

Gått bort og fødte i 2022: Oddrun Helene Hokland gjekk bort i 2022. Heidi G. Einarsrud og Fredrik Elfstrand frå Teaterlaget fekk dottera Helena.

Val av ordstyrarar. Framlegg: Åsta Bjerkestrand og Torbjørn B. Lauen.

**Vedtak:** Åsta Bjerkestrand og Torbjørn B. Lauen blei valde.

Val av skrivarar. Ingen framlegg.

**Vedtak:** Lagsstyret, ved Maria Ellingsen Austbø og Kari Velure, skriv protokoll.

Val av teljekorps. Håvard Thorsby og Bård Winther Knudsen melde seg.

**Vedtak:** Håvard Thorsby og Bård Winther Knudsen blei valde til teljekorps.

Val av to til å skriva under møteboka. Karianne Johansen og Ole Johan Hildre melde seg.

**Vedtak:** Karianne Johansen og Ole Johan Hildre blei valde til å skriva under på møteboka.

Godkjenning av innkalling.

**Vedtak:** Innkallinga blei godkjent utan merknader.

Godkjenning av sakliste.

**Vedtak:** Sakslista blei godkjent utan merknader.

## **Sak 2 Årsmeldingar for 2022**

Anne Cathrine Johansen la fram årsmeldinga til BUL Oslo, Marius Schneider la fram årsmeldinga til Idrottslaget, Torbjørn B. Lauen la fram årsmeldinga til Leikarringen, Endre Flatmo la fram årsmeldinga til Teaterlaget, Karianne Johansen la fram årsmeldinga til Songlaget, Rune Bergwitz la fram årsmeldinga til Bondehytta, Tormod Bønes la fram årsmeldinga til Røkleivhytta, Olav-Johan Øye la fram årsmeldinga til Målnemnda. Ingen la fram årsmeldinga til Rådet.

Merknadar frå årsmøtet:

Arne Nordvi roste styret for god innsats. Han var glad over aktivitetsauken, og ser lyst på framtida til laget.

Olav Kårevik la til at han deltok på årsmøtet i Det Norske Teatret og var med i jubileumsnemnda til BLS. Han påpeikte ein feil i årsmeldinga på side 15: Anne Cathrine Johansen var ikkje både 1. vara og nestleiar, berre nestleiar. Steinar Hernes var 1. vara, Ivan Kristoffer Nilsen var 2. vara i lagsstyret.

**Vedtak:** Årsmeldingane blei godkjende med merknadane ovanfor.

## **Sak 3 Rekneskap for 2022**

Terje Svindseth la fram resultatrekneskapen og balansen for laget. Dette skal bli vedtatt av Rådet og berre takast til vitande av årsmøtet.

Hallvard Øfstaas stilte spørsmål om det langsiktige lånet til BHAS, som har gått ned i 2022 grunna utbyttenekt: kjem lånet til å gå opp igjen? Terje Svindseth svarte at vi håper å få lånet opp igjen på det same stabile nivå snart igjen, gitt at BHAS betalar ut utbytte i 2023.

**Vedtak:** Rekneskapen blei tatt til vitande utan merknader.

## **Sak 4 Aktuelle saker**

Terje Svindseth informerte om aktivitetar i laget våren 2023 og at det blir 125-årsjubileum i 2024. Han nemnde at Lagskontoret skal tilsetta ein ny organisasjonsrådgjevar og at Liv Hege Skagestad har gått over i 100 % stilling som dagleg leiar for Den Mangfaldige Scenen, og slutta i BUL Oslo. Terje Svindseth la fram eit dokument om prinsipp for særlagsstøtte.

Det blei ein kort diskusjon rundt dokumentet om prinsipp for særlagsstøtte, der nokon frå kvart særslag uttalte seg. Det er einigheit om at særlagsstøtta ikkje skal fordelast ut frå medlemstal aleine og at ulike særslag har ulike behov. Det blei åtvare mot ordlyden «Direkte særlagstilskot skal gå til lønns-/honorarutgifter» då nokre kan få ekstern støtte til akkurat dette, men at støtta gjerne kan reflektera lønns-/honorarutgifter særлага har. Særлага skal diskutera dette ytterlegare og komma med eventuelle tilbakemeldingar til lagsstyret, eller i samband med neste budsjetttrunde.

**Vedtak:** Årsmøtet tok informasjonen til vitande.

## **Sak 5 Handlingsplan**

Terje Svindseth la fram handlingsplanen.

Årsmøtet kom med positive tilbakemeldingar. Spesielt på oppussing av foajeen, organisasjonsutvikling og målet om å auka kjennskapen til laget.

**Vedtak:** Handlingsplanen blei vedtatt.

*Sak 9 blei flytta til mellom sak 5 og 6.*

## **Sak 6 Medlemspengar 2024**

Anne Cathrine Johansen la fram saka. Alle medlemspengane er føreslått uendra.

**Vedtak:** Framlegget frå styret blei samrøystes vedtatt.

## **Sak 7 Honorar til lagsstyret**

Anne Cathrine Johansen la fram saka. Lagsstyret meiner at styrehonorar bør vurderast.

Diskusjonen i årsmøtet viste generelt ei positiv innstilling til dette forslaget. Fleire deler bekymringa om rekruttering til tillitsvern og ser at det kviler eit spesielt stort ansvar på lagsstyret. Fleire nemnde også at andre organisasjonar har innført honorar. Det blei ein diskusjon rundt kva organ som skulle ta dette vidare, og det blei konkludert med at rådet burde komma med eit forslag til satsar og prinsipp. Vidare kan valnemnda føreslå fordeling frå år til år. Årsmøtet må til slutt vedta dette og fortsetta å vedta denne posten i budsjettet kvart år.

**Vedtak:** Årsmøtet i BUL har diskutert saka, og er positive til framlegget/styrehonorar. Rådet får i oppgåve om å komma med eit konkret framlegg til neste årsmøte om honorar for lagsstyret.

## **Sak 8 Budsjett 2023**

Terje Svindseth la fram budsjettet for 2023 for laget.

Olav Kårevik tipsa om at BLS kanskje vil at 17. mai skal vera ein del av 100-årsjubileet. Han lurar også på om BUL har god nok likviditet til å låna det ut til forretningane. Terje svarte at likviditeten vår er god, men truleg ikkje så god at det gir meining å låna bort pengar.

**Vedtak:** Lagsbudsjettet blei samrøystes vedtatt i samsvar med framlegget frå styret.

### **Sak 9 Endring av lov og styringsføresegn**

Sidan under 8 % av betalande medlemmar møtte på årsmøtet, kunne ikkje årsmøtet vedta lovendringsforslag. Desse gjekk derfor ut. Endring i styringsføresegner behøver berre vanleg fleirtal på årsmøtet, og kunne derfor endrast av dette årsmøtet.

Terje Svindseth la fram endringsforslaga i styringsføresegnene. Ei føreslått endring under S§18 blei trekt av styret, ettersom den var knytt til eit endringsforslag i lova som nå ikkje kunne endrast. Det gjaldt følgjande setning dei ønskte å leggja til i paragraf S§18:  
*Konsernrekneskapen blir vedteken av styret og godkjend av årsmøtet i laget.*

Olav Kårevik la fram eit endringsframlegg til §17:

*Rådet<sup>(1)</sup> skal i november fastsetja mellombels budsjett<sup>(2)</sup> for laget.*

*Årsmøtet vedtar endeleg budsjett for laget. Årsmøtet kan fastsetja at midlar til eit tiltak skal handsamast som saker etter lova § 10 andre leden.*

Styret opprettheldt sitt framlegg:

*Rådet<sup>(1)</sup> skal i november fastsetja mellombels budsjett<sup>(2)</sup> for laget.*

*Årsmøtet fastset endeleg budsjett for laget. Årsmøtet kan fastsetja at midlar til eit tiltak skal handsamast som saker etter lova § 10 andre leden.*

*Ei større endring i budsjetttramme kan gjerast på omframt årsmøte. Styret kan gjera endringa i budsjettet innanfor ramma som er fastsett av rådet/årsmøtet.*

Styret sitt framlegg blei vedtatt, med 1 stemme imot.

**Vedtak:** Årsmøtet stemte på kvart enkelt endringsforslag i styringsføresegnene og dei blei alle vedtatt etter styret si innstilling.

Årsmøtet gav tilsegn til at redaksjonelle endringar, t.d. skrivefeil, kan gjerast i lova og styringsføresegnene utan å ta det opp på årsmøtet.

### **Sak 10 Val til styre, nemnder og råd**

Valnemnda, ved Hallvard Øfstaas la fram saka. Valnemnda har bestått av Endre Isachsen Flatmo, Åsta Bjerkestrand, Hallvard Øfstaas og Maria Ellingsen Austbø.

Det blei stilt spørsmål til kvifor årsmøtet vel bunadnemnda når Leikarringen allereie har gjort det. Svaret er at bunadnemnda blir vald for både Leikarringen og for BUL, og etter tradisjon er nemnda den same, men årsmøtet kan i prinsippet velja inn andre representantar til bunadnemnd for BUL.

**Vedtak:** Følgjande personar blei samrøystes valde og årsmøtet gav lagsstyret fullmakt til å velja valnemnd for 2024.

	Verv	Valstatus 2023	Valperiode
<b>Lagsstyret</b>			
Terje Svindseth	leiar	attval	1 år
Anne Cathrine Johansen	nestleiar	attval	1 år
Gunnvald Grønvik	styremedlem	ikkje på val	1 år igjen
Olav-Johan Øye	styremedlem	ikkje på val	1 år igjen
Astrid Marie Grov	styremedlem	ny	2 år
Steinar Hernes	1. vara	attval	1 år
Mari Lundevall	2. vara	ny	1 år
Ivan Kristoffer Nilsen	3. vara	attval	1 år
<b>Bunadnemnda</b>			
Sigrid Kjøbli	medlem	attval	1 år
Åse Holen	medlem	attval	1 år
Anne Cathrine Johansen	medlem	attval	1 år
<b>Bondehytta</b>			
Rune Bergwitz	Leiar	ny som leiar/ikkje på val som medlem	1 år/1 år igjen
Klas Ekeland	styremedlem	ikkje på val	1 år igjen
Anne Cathrine Johansen	styremedlem	attval	2 år
Hanna Løken	styremedlem	ny	2 år
Albert Lombardo	styremedlem	ny	2 år
<b>Røkleivhytta</b>			
Tormod Bønes	leiar	attval	1 år
Olaf Almenningen	styremedlem	ikkje på val	1 år igjen
Leif Halvard Silli	styremedlem	ikkje på val	1 år igjen
Ashwin Reddy	styremedlem	ny	2 år
Sveinung Helgheim	styremedlem	attval	2 år
<b>Målnemnda</b>			
Håvard Tangen	medlem	attval	1 år
Olav-Johan Øye	medlem	attval	1 år
Marie Nicolaisen	medlem	attval	1 år
<b>Rådet</b>			
Kari Bjørke	rådsordførar	attval/ikkje på val som medlem	1 år/1 år igjen
Magnhild Kaasin	medlem	ikkje på val	1 år igjen
Sveinung Helgheim	medlem	ikkje på val	1 år igjen
Samuel Blessing Alonga	medlem	ikkje på val	1 år igjen
Vidar Lund	medlem	ny	2 år
Vigdis Rønning	medlem	attval	2 år
Elise Haugsten	medlem	ny	2 år
Karianne Johansen	medlem	attval	2 år
Kari Aniksdal	1. varamedlem	attval	1 år
Vivian Brattsti Sørensen	2. varamedlem	attval	1 år

**Rådet i Norsk Barneblad:** Anne Cathrine Johansen, medlem 2 år, attval. Arne Nordvi, medlem 2 år, ny. Vigdis Rønning, varamedlem 1 år, attval.

Styret informerte om at dei hadde peika ut desse til å sitte i styret i Norsk Barneblad:

Synnøve Bryde, medlem 2 år, ny.  
Mari Elise Haugen, varamedlem 1 år, attval.

### **Sak 11 Val av utsendingar**

#### **Årsmøtet i Bygdelagssamskipnaden (BLS) 28. mars**

Runhild Heggem, Olav Kårevik, Terje Svindseth, Arne Nordvi, Vigdis Rønning.

#### **Generalforsamlinga i Dag og tid 25. april**

Vigdis Rønning, Terje Svindseth, Olaf Almenningen.

#### **Årsmøtet i Det Norske Teatret 29. april:**

Vivian Brattsti Sørensen (stemmeansvar), Olav Kårevik, Vigdis Rønning, Olaf Almenningen.





#### **Landsmøtet i Noregs Ungdomslag 28.–30. april**

Astri Andrea Hernes Bjerkem, Vivian Brattsti Sørensen, Elias Vinje, Ingeborg Revheim, Nina Losnedahl, Ånund Meberg Myhren, Albert Lombardo.

**Vedtak:** Årsmøtet vedtok alle utsendingane ovanfor og gav lagsstyret fullmakt til å velja ein siste utsending til NU sitt landsmøte.

### **Sak 11 Avslutting**

Ordstyrarane takka for seg og gav ordet til den attvalde lagsleiaren, Terje Svindseth. Blomar blei delt ut og lagsleiaren minna om tilskippingar framover.

Møteskrivar  Kari Velure (14. apr. 2023 12:04 GMT+2)	Møteskrivar  Maria Ellingsen Austbø (14. apr. 2023 12:15 GMT+2)
Protokollunderskrivar  Karianne Johansen (15. apr. 2023 12:05 GMT+2)	Protokollunderskrivar  Ole Johan Hildre (15. apr. 2023 15:18 GMT+2)